



Askøy kommune  
Klampavikvegen 1  
5300 KLEPPESTØ

Dato: 19.12.2017  
Vår ref.: 2015/687-20  
Saksbehandlar: litztoll  
Dykkar ref.: 2014/8816-162

## Fråsegn til Plan 409 - Ny fylkesveg Slettebrekka – Hetlevik Gnr 12 bnr 221 m.fl. og gnr 13 bnr 125 m.fl. - Askøy kommune

Vi viser til brev datert 07.11.2017 om høyring av forslag til detaljregulering for Slettebrekka Hetlevik, Askøy. Hovudføremålet i planen er å bygge ny fylkesveg mellom Slettebrekka og Hetlevik som avlastar dagens fylkesveg. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan.

Hordaland fylkeskommune viser til fråsegn gjeve i brev av 16.02.2015 og i brev av 20.04.2017, kor det siste fråsegnet hadde utdjupande kommentarar knytt til kulturminne. Fylkeskommunen vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Tiltaket skildra i planskildringa:

*Planen tilrettelegger for bygging av ny fv. 212 med dimensjoneringsklasse Sa2. Det vil si samleveg klasse 2 med fartsgrense 50 km/t. der vegbredden er planlagt med 6,25 m inkl. skulder. I tillegg er det planlagt rabatt med en bredde på 3 m og gang- og sykkelvegen med en bredde på 2,75 + skulder på 0,25 langs deler av strekningen. Strekningen for ny fv.212 er totalt på ca. 2450 meter og planområdet er på ca. 174,3 daa. Fra Slettebrekka er det gang- og sykkelveg med en lengde på ca. 1600 meter fram til parkeringsplass ved Nibbene. Strekningen er planlagt med tunnel med en lengde på ca. 580 meter.*

### Vurdering

#### Planfaglege merknader

Planmaterialet er gjennomarbeida og lefftattelig. Reguleringsplanen har vore under arbeid sidan 2013, grunna krav ny tunnelforskrift.

#### Barn og unges interesser

Barn og unges interesser synes godt i vareteken i planforslaget då det vert lagt opp til gang- og sykkelsti langsmed vegen.

#### Landskap

Vegen passerer områder prega av småkupert landskap med små koller og knausar, nedanfor fjellformasjonene Follesæsåsen, Kråkestølen, Hovestølen og Nibbene, som er definert med middels regional verdi i våre databaser ([www.kart.ives.no](http://www.kart.ives.no)). Det eksisterande, småkuperte landskapet kan likevel ha stor lokal verdi, og den rette veggeometrien vist i forslaget vil stedvis gje forhaldsvise store landskapsinngrep som vil kunne verte svært synlege både frå eksisterande busetnad og frå sjø. Til dømes vert fyllingsfoten under bestemmelsesområde #1 særskilt stor og kan virke skjemmande. Den sydligaste rundkjøringa ligger i

omsynssone 540 \_4, bevaring grønstruktur, og dannar ei barriere for busetnaden vest for vegen til Haugadalen.

Separat gang- og sykkelveg er eit arealkrevande tiltak som krev større landskapsinngrep, så vi ber om at det vert vurdert å anlegga ein smalare rabatt mellom veg og gangveg i gjennomføringsfasen enn kva som er vist i planframlegget (ca 3 meter).

Generelt legg planforslaget opp til svært rause sideareal med formålet «anna vegareal» som kan verke noko overdimensjonert. Dette får negative konsekvensar for landskapstilpassing og kulturminne, meir om dette nedanfor.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Delar av plangrensa til plan 409 (plankart R04 A1-L 2017-10-27, søre plangrense) går i sikringssona på eit automatisk freda kulturminne; ein heller datert til jernalder (Askeladden id 91777). Då det vart varsla om endringar i gjeldande plan bad Hordaland fylkeskommune om at kulturminnet skulle vurderast inkludert i planområdet og leggjast i omsynssoner, jf. vårt brev datert 16.02.2015. I brev datert 14.03.2017 varsla forslagsstiller om utvida planområde i saka. Den varsla utvidinga omfatta då det automatisk freda kulturminnet, og Hordaland fylkeskommune stilte då krav om at kulturminnet skulle leggjast i omsynssoner i plankartet, jf. vår uttale i brev datert 20.04.2017. Vi bad også om å bli kontakta i den vidare planprosessen.

I planforslaget som no er på høyring og offentleg ettersyn er kulturminnet id 91777 ikkje inkludert i planområdet. Planforslaget regulerer vidare o\_SVG1 like inntil sikringssona på kulturminnet.

Føresegnene til o\_SVG, § 5.3.1, tillet følgjande i føremålet:

«Innenfor formålet tillates etablering av nødvendige skjæringer, fyllinger, mur, kulvert, rør, terskler og andre nødvendige tekniske installasjoner. Arealene skal dekkes til med jord og tilsåes. Innenfor formålet kan arealet benyttes som riggområde og midlertidig deponi i anleggsfasen. Eksisterende vegetasjon skal i størst mulig grad ivaretas.»

Føremål o\_SVG1 på gnr. 13 bnr. 141 er ikkje i tråd med bevaring av det automatisk freda kulturminnet, sjølv om kulturminnet ikkje ligg innafor plangrensene til planforslaget. Tiltak som nemnt i § 5.3.1 i føresegnene til planen er eigna til å skade det automatisk freda kulturminnet eller framkalle fare for at dette kan skje. Hordaland fylkeskommune varslar difor mogleg motsegn til planforslaget. Hellerar frå jernalder er ikkje kulturminne av vanleg førekommende type verken på Askøy eller i Hordaland, og helleren bør bevarast på staden på ein god måte.

Motsegna kan løysast dersom føremål o\_SVG1 og o\_SF1 vert endra til grøntføremål med tilhøyrande føresegn: «I formålet er det ikke tillatt å gjøre terrenginngrep som er egnet til å medføre skade på det automatisk fredete kulturminnet eller fremkalle fare for at dette kan skje.»

#### Samferdsel

Vi er kjent med at tunellstigninga på 7 % fråviker fr kravet om maks 5 % stigning i vegnormalen. Fylkeskommunen vil handsame søknaden om fråvik i MISA i januar 2018.

#### **Konklusjon**

Planframlegget legg opp til rause sideareal til fylkesveg med formål «Annen veggrunn - grøntareal» med vide fullmakter for bruk som får konsekvensar for nærliggande kulturminne og landskapsbilde. Hordaland fylkeskommune **tilrår motsegn** til planforslaget grunna omsynet til nasjonale kulturminneinteresser og landskap. Motsegn skal handsamast politisk og vil krevje lengre sakshandsamingstid.

Vi ber no om:

1. Drøftingsmøte med kommunen og SVV så fort som råd, og
2. Utsett frist for fråsegn i saka etter nærmere avtale

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar communal plan

Liz Eva Tøllefsen  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlar:

Liz Eva Tøllefsen, Seksjon for plan - REG AVD,

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen – Samferdselsavdelinga

Ambjørg Reinsnoss, Fylkeskonservatoren, Kultur- og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest